
Saksnr: 2020/37488-21
Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti
Dato: 14.04.2021

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilbakemelding om oppfølging av selskapskontrollen av Skyttel AS

Basert på gjennomført selskapskontroll av Ferde AS har fylkestinget i PS 95/2020 bedt fylkeskommunen sin eigarrepresentant bidra til at eigarane syter for å:

1. Vurdere korleis ein kan legge til rette for tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eventuelle eigarmøte.
2. Etablere ein felles eigarstrategi for Skyttel AS.
3. Etablere ein rutine for jamlege eigarmøte.

Fylkestinget bad også (punkt fire) eigarane lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet for tiltak som skulle setjast i verk for å følgje opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skulle setjast i verk og kven som skulle ha ansvaret for iverksettinga.

Handlingsplanen vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 25.11.20, sak 112/2020. I møtet bad kontrollutvalet om ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av selskapskontrollen til møte 10.05.21.

Status er at Vestland fylkeskommune, v/fylkesutvalet, i møte 26.03.21, PS 66/2021, har vedteke eigarstrategi for selskapet. Eigarstrategien er felles for dei tre eigarane. Agder fylkeskommune vedtok strategien i mars. Rogaland fylkeskommune skal handsame saka i mai.

Med eigarstrategien etablerer eigarane ein rutine for jamlege eigarmøte. Eigarane har vidare fastsett fristar for varsling av møtedatoar, noko som skal sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamlingar og eigarmøte.

Den vedtekne eigarstrategien er lagt ved.

Vedlegg

- 1 Eigarstrategi for Skyttel AS